PLANPROGRAM

KULTURMILJØPLAN

HJARTDAL KOMMUNE



Tuddal Bygdetun

Innhald

Innleiing 3
Bakgrunn 3
Kva er en kulturmiljøplan? 3
Kvifor skal vi ha en kulturmiljøplan? 4
Eit viktig verktøy 4
Moglegheit for tilskot 4
Auka kunnskap 4
Næringsutvikling 4
Bevaring for ettertida 4
Avgrensing 4
Organisering av arbeidet i kommunen 5
Framdriftsplan: 6
Finansieringsplan 6

Innleiing

Bakgrunn

Den nye stortingsmeldinga om kulturmiljø blei vedteke i Stortinget 15.juni 2020. Meldinga skal danne grunnlaget for kulturmiljøpolitikken i åra som kjem. I meldinga presenterast det tre nye nasjonale mål. Dei nye nasjonale måla i kulturmiljøpolitikken legg vekt på engasjement, berekraft og mangfald:

- Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging.
- Eit mangfald av kulturmiljø skal bli tatt vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Gjennom meldinga vert "kulturmiljø" innført som eit samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og landskap. Omgrepet understrekar verdien av heilskap og samanheng, og tilknytinga til den øvrige klima- og miljøpolitikken blir tydelegare.

«Kulturmiljø» erstattar ikkje bruken av utrykka «kulturminne», «kulturmiljø» eller «landskap» kvar for seg, når det refererast til enkeltobjekt, områder kor kulturminner inngår som del av en større heilskap eller samanheng, eller landskap.

I Hjartdal kommune er utarbeiding av *Kulturminneplan* ein del av planstrategien for 2021-2023 som blei vedteke i kommunestyret i desember 2020. Her er det vedteke at kommunen skal setje i gang arbeidet med kulturminneplan i løpet av 2021. Kulturminneplanen vil være det vi kallar ein tematisk kommunedelplan, og vil følgje dei krav plan- og bygningslova sett til planprosessen.

I den vidare teksten vil vi nytte omgrepet kulturmiljøplan om planen som skal utarbeidast i Hjartdal.

Riksantikvaren har heilt sidan 2011 lagt til rette for at kommunane skal utarbeide kulturminneplaner. Dei har i samarbeid med kulturarvseksjonane i fylkeskommunane ei støtteordning der kommunane kan få støtte til å utarbeide eller fornye sin kulturminneplan.

Hjartdal kommunesøkjer våren 2021 om kr 100 000,- til utarbeiding av kulturmiljøplan.

Hjartdal kommune har vurdert at kulturmiljøplanen skal utarbeidast som ein kommunedelplan i tråd med pbl. § 11-1, 3. ledd. Planen legg ikkje rammer for framtidig utbygging, og den får heller ikkje vesentlege verknader for miljø og samfunn. Planen er difor ikkje omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar jf. Pbl § 14-1. Det er utarbeida eit enkelt planprogram for å forankre prosessen ytterlegare politisk, utover at det allereie er vedteke i planstrategien at planen skal utarbeidast. Planprogrammet gjer også greie for medverknad, politiske handsamingar, framdrift og økonomi.

Kva er en kulturmiljøplan?

«En kulturminneplan er kommunens oversikt over viktige kulturminner og kulturmiljøer og inneholder en plan for forvaltningen av disse. Planen gir kunnskap om fortida og avklarer hvilke kulturminner en vil ta vare på i framtida.» (Riksantikvaren.no)

Viktige punkt i ein kulturmiljøplan er:

- Skildring av og kart over dei viktigaste kulturminna i kommunen
- Forslag til forvalting og skjøtsel av desse kulturminna
- Korleis kulturminna skal integrerast i kommunal planlegging og verksemd
- Handlingsdel med tiltak for gjennomføring av planen sine målsettingar

Kulturmiljøplanen for Hjartdal må sjåast i samanheng med kommuneplanens samfunnsdel, arealplanen, og reguleringsplaner, arbeidet med Svartdal og Hjartdal UKL, samt planverk, vedtak eller lovverk som omhandlar kulturminner.

Kvifor skal vi ha en kulturmiljøplan?

Eit viktig verktøy

En kulturmiljøplan der ein får oversikt over kulturminna og vurderer kulturminna sin verdi, er viktig for kommunen sitt planarbeid og øvrige verksemd. For areal-, plan- og byggesakshandsaminga vil ein enklare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane. Ein politisk vedteke kulturminneplan vil i framtida vere med på å gje føringar korleis omsynet til kulturminne og kulturmiljø skal ivaretakast i kommuneplanens arealdel, for eksempel gjennom bruk av arealformål, føresegner og omsynssoner, og i kommunens øvrige verksemd, frå plan- og byggesak, til eigedomsforvaltning, skole og undervisning, næring, samferdsel med meir.

Moglegheit for tilskot

Kulturmiljøplanen gjev grunnlag for ein aktiv tilskotsforvaltning og eigarar av kulturminne får større moglegheit for hjelp og støtte til bruk og vedlikehald. Kulturminner som er prioritert i kommunal plan blir i stor grad prioritet ved tildeling av midlar frå Kulturminnefondet. Kommunen kan vedta at kulturminner som er prioritert i plan kan gi grunnlag for fritak for eigedomsskatt og bruke planen aktivt ved tildeling av landbruksmidlar (som SMIL og UKL-midlar).

Auka kunnskap

Gjennom arbeidet med kulturmiljøplanen vil kommunen få auka kunnskap om lokalhistoria og kvifor dei ulike kulturminna og kulturmiljøa skal takast vare på. Når innbyggarane blir kjent med eigen historie og formidlar denne til andre, skapast det meirverdi. Vår historie i nær og fjern fortid kan knytast vår forståing av identitet og samfunnets røter. Kulturminne er ofte en sentral verdi i bygginga av lokal identitet og stoltheit.

Næringsutvikling

Kulturmiljø og lokalhistorie er med på å skape spennande destinasjonar for reiselivet. Betre oversikt over kulturminna kan styrke reiseliv og andre næringar som kan utvikle gode tilbod basert på kulturarven.

Bevaring for ettertida

Gjennom århundra og også i nyare tid har lokalsamfunna mista mange kulturminne. Det er ikkje mogleg å taka vare på alt, men det må være ei aktiv og kunnskapsbasera forvaltning av minna frå forhistoria. Med meir kunnskap, eit godt planverk, økonomiske støtteordningar og større forståing for det verdiskapande med kulturmiljø kan ein legge til rette for at meir av dei viktige kulturminna blir bevart for ettertida.

Avgrensing

Hovudføremålet med ein kulturmiljøplan for Hjartdal vil være å få ein meir systematisk og heildekkjande oversikt over kulturminna som finst i kommunen. Her vil ein nytte og samanstille eksisterande kunnskap som finnast i litteratur, gjennomførte undersøkingar og databasar. Det vil og være aktuelt å bruke munnlege kjelder, synfaringar og annan lokalkunnskap i dette arbeidet.

Med ein betre oversikt vil det være naturleg å verdsette og prioritere kulturminna, som grunnlag for framtidig bevaring og forvaltning.

Det er ikkje lagt opp til at ein i planarbeidet skal gjennomføre større fysiske undersøkingar i felt, men dersom ein oppdagar større kunnskapshol kan dette være noko kan ein sjå nærare på i handlingsdelen som skal utarbeidast til planen.

Kommunen ønskjer å involvere lokale lag og foreiningar i planarbeidet og vil derfor ikkje gå i detalj i planprogrammet om utforming av planen. Vi vil diskutere innhald, systematisering og presentasjon saman med ressurspersonane som vil bli invitera med i ei arbeidsgruppe.

I planens handlingsdel vil ein kunne sjå på aktuelle tiltak og prosjekt for kulturmiljøområdet som kommunen, interesseorganisasjonar og befolkninga elles vil kunne gjennomføre og om mogleg samarbeide om.

I handlingsdelen vil ein også vurdere å vedta retningsliner og føringar for plan og byggsakshandsaminga, samt handsaminga etter anna lovverk kor dette er aktuelt.

Kommunen tenkjer at ein kulturmiljøplan også kan vere nyttig med tanke på lov om stadnamn, handsaming av søknader om fritak for eigedomsskatt osv. I handlingsdelen kan det gjevast prioriteringar for dei tilskotsmidlane som kommunen rår over til kulturmiljøtiltak.

I kulturmiljøplanen vil vi også prøve å få med ein bolk om med rådgjeving og informasjon til private eigarar av kulturminne som vil setje i gang med restaurering og vedlikehald av kulturminne.

Det vil også vere naturleg å samarbeidet med styret i utvalde kulturlandskap i Hjartdal og Svartdal som også samanfallande interesseområde og rår over ein større tilskotspott som bl.a. kan nyttast til restaurering av bygningar og andre kulturminne innan UKL-området i Hjartdal Nordbygd.

Organisering av arbeidet i kommunen

Formannskap og kommunestyre har det formelle ansvaret for Kulturmiljøplanen i Hjartdal. Vedtak om oppstart, godkjenning av planprogram og endeleg vedtak om godkjenning blir gjort politisk.

Til den praktiske gjennomføringa er det tenkt at det skal etablerast ei arbeidsgruppe med deltakarar frå administrasjonen, lokale lag og foreiningar og med politisk representasjon.

Skisse til samansetting av arbeidsgruppe:

Hjartdal kommune;
Hans Jørgen Aase (prosjektleiar)
Maria Fremmerlid (plan)
Åge Johannes Jamtveit (byggesak)

Hjartdal historielag
Hjartdal Bondelag
Norsk Industriarbeidermuseum /Tuddal bygdetun
Politisk oppnemnt representant

Det vil være aktuelt å invitere med andre ressurspersonar inn i prosessen etterkvart.

Vi tek og sikte på eit godt samarbeid med regional myndigheiter mellom anna for kvalitetssikring av arbeidet.

Framdriftsplan:

Når	Hva
desember 2020	Vedtak om oppstart i planstrategi
jan 2021	Innleiande møter med Hjartdal Historielag
februar 2021	Utarbeiding av planprogram, varsel om oppstart 6 veker, søke om tilskot frå RA (5. februar)
mars/april 2021	Godkjenning av planprogram i Formannskap/Kommunestyre
april 2021	informasjonsmøte?
2021	Utarbeiding av planen.
jan/feb 2022	Høring
mars /april	Saksbehandling/plan. Kommunestyrets behandling.

Finansieringsplan

Budsjett	**Utgifter**
Administrasjon/kommunal prosjektleiing	eigeninnsats
Honorar konsulent/ innleigde tenester	50 000
Møteutgifter	10 000
Utforming, trykking og publisering	30 000
Annonsering	10 000
Samla	**100 000**
Finansiering	**Inntekter**
Hjartdal kommune	eigeninnsats
Riksantikvaren/prosjektmidlar	100 000
Samla	**100 000**